



Energi- og miljøkomiteen

Energimeldinga - Ordningane med konsesjonskraft og konsesjonsavgift må halda fram

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande fråsegn til energimeldinga:

Sogn regionråd meiner at ordningane med konsesjonskraft og -avgifter må liggja fast slik at kommunane fortsatt får rett til å ta ut fysisk kraft og får rett på konsesjonsavgift. Konsesjonskraft er eit vederlag for å avstå verdifulle naturverdiar. Konsesjonsavgifter er ein kompensasjon for dei generelle miljømessige skader og ulemper miljø og lokalsamfunn blir påført ved å ta belastninga med større vasskraftanlegg i all framtid. Desse ordningane sikrar utbyggjande distrikt kompensasjon for avgjevne ressursar og andel av verdiskapinga.

Kommunane i Sogn regionråd vil be komiteen om å sikre følgjande i si handsaming av meldinga:

1. Stortinget bør sikre at ordningane med konsesjonskraft og –avgift vert vidareførde
2. Stortinget bør sikre at konsesjonskrafta framleis skal vera ein rett til å ta ut fysisk kraft, som kan omsetjast eller brukast i eigen verksemd.

Mandatet til ekspertgruppa som skal vurdere konsesjonskraft og -avgifter må avgrensast til å sjå på forenkling og modernisering, og ikkje opna for å fjerne eller svekke dei økonomiske ordningane.

Det vert elles vist til fråsegner frå kommunane i Sogn regionråd.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift